# PROFETIAR, SYNER OG OPENBERRINGAR

«Synet byrja med eit land kart. Eg såg eit kart over heile Europa – frå Skandinavia tvers over til Russland, og frå Noreg ned til Midtausten».

Ein antologi av apokalyptiske tekster frå moderne tid

**Profetiar, syner og openberringar – Ein antologi av apokalyptiske tekster frå moderne tid**

## Innhold


Forord ....................................................................................3

Del 1 – Det som gjeld den politiske verdssituasjonen ........................5

Haugianarane (fortalt til Emanuel Minos) ....................................5
Hudson Taylor ........................................................................7
Staretzarens profetord ...............................................................9
Victor Clemenko......................................................................12
Alois Irlmaiers profetiar ............................................................14
Maja Anstensen ......................................................................27
Birger Claesson ......................................................................33
Adullam-borna ........................................................................35
Ron White ..............................................................................38
Emmanuel Minos .....................................................................47
William Branham .....................................................................52
Lebesbymannen.......................................................................55
Valdreskvinna (fortalt til Emanuel Minos) ..................................58

Del 2 – Det som gjeld kyrkje og forsamling ....................................64

Ove Falg ................................................................................67
Oljefunn og Jesu åtkome............................................................73
Oscar Halvorsen ......................................................................74
Smith Wigglesworth..................................................................80
Judith Lund Lønnøy..................................................................86
Sergei Tarassenko.....................................................................89
Sluttord ..................................................................................92
Litteratur: ...............................................................................93

## Forord

I ei årrekkje har eg samla på profetiar, syner og openberringar frå og om vår tid. Det er eit tverrsnitt av tekstar der så og seie alle kristne kyrkjesamfunn og organisasjonar er representert, eller iallfall hovudgruppene. Nokre er forholdsvis korte; andre er lengre og meir detaljerte; nokre er prega av menneskeleg grubleri og gjer seg sjølv uinteressante. Andre igjen som Nostradamus – den jødiske kabbalisten som konverterte til katolisismen – har spådd om framtida basert på sin vitskap om stjernene og stjernehimmelen. Såkalla stjernetyding. Eg har valt å ikkje ta med det her. For oss er det også langt viktigare å lytte til kva Gud seier, han som har skapt både himmel og jord. I Amos 3:7 står det slik: «For Herren Herren gjer ikkje noko utan at han har openberra sine løynde råd for tenarane sine, profetane». Vi skal også merke oss ordet i 2. Pet. 1:20-21. Eg tenker særleg på v. 20 der det står «at ikkje noko profetord i Skrifta er gjeve til eiga tyding». Ordet tyding er ei omsetting av greske *epilusis*, av *epi*, frå, altså frå der dei er; og *luo*, å løyse. Vi kan med rette overføre v. 20 til å gjelde dei profetord, syner og openberringar som er frå vår eiga tid. For endå til dei profetorda som vart skrevet ned om Kristus, mange hundreår i førevegen, vart først «løyst» etter at Jesus frå Nasaret sto fram.

Og liksom det var i dei dagar då mange ikkje ville tru at det nettopp var slik profetorda skulle verta oppfylt, slik er det også i vår tid mange som ikkje vil tru på våre eigne profetar. Det er også lett for den som får sjå slike syner og gjere seg opp eigne meiningar om kva dei tyder, og på same vis er det for den enkelte av oss. Det er difor viktig at vi prøver dette. La oss reflektere og bedømme det, så langt det er råd.

Boka er delt i to bolkar, der den eine tek føre seg det som gjeld den verdspolitiske situasjonen, mens den andre omhandlar det som er særleg aktuelt for kyrkje og forsamling. Elles skriv eg på nynorsk som ligg meir naturleg for ein sunnmøring. Enkelte tekster er omsett, medan andre er gjengjeve på bokmål.

## Del 1 – Det som gjeld den politiske verdssituasjonen

### Haugianarane (fortalt til Emanuel Minos)

Eg vil starte med eit utdrag frå Emanuel Minos' bok, «Det har ringt for tredje gang». Her siterer han ein eldre mann frå vekkingsbygda Luster i Sogn. Mannen fortel om noko han hadde høyrt av si bestemor, som ho igjen hadde høyrt av si bestemor. På eit husmøte på 1800 talet hadde ei kvinne kome med denne profetiske bodskapen:

---

*I de siste dager skulle det fattige Norge bli et av de rikeste land i verden. Forholdene skulle forandre seg og mennesker skulle bli annerledes.*

*Merkelige foreteelser skulle skje når det gjaldt kommunikasjoner og veier. Nordmenn skulle bli i stand til å reise gjennom fjellet, under vannet, på broer over fjordene og i luften.*

*Menneskene skulle på den tiden bli selvopptatte og egoistiske. De skulle også*

*leve i synder som man ellers ikke våget å nevne.*

*Da skulle endens tid nærme seg, og Herrens gjenkomst stod for døren.*

---

Det er nok ikkje tilfeldig at dette profetordet vart gitt nettopp blant Hans Nilsen Hauges vener. Haugianarane var og er dyktige forretningsmenn og pådrivarar for moderne utvikling av landet, liksom sin opphavsmann. Likevel hendte det at Hauge og haugianarane ignorerte konsekvensane av sine eigne val. For menneska haustar det dei sår. Den som er trufast mot Herren skal arve evig liv, ein uforgjengeleg rikdom som ikkje vert forderva av denne verda, som det står i Matt. 6:19-21 (NB88): «Samla dykk ikkje skattar på jorda, der møll og rust tærer, og der tjuvar bryt seg inn og stel. Men samla dykk skattar i himmelen, der korkje møll eller rust tærer, og der tjuvar ikkje bryt seg inn og stel. For der skatten din er, der vil hjarta ditt òg vera».

## Hudson Taylor

I D. O. Belfrage sitt hefte, «Kyrkornas Världsråd i Bibelens ljus», viser han til eit syn som Kina misjonæren Hudson Taylor fekk då han tala på eit møte i Kina i 1894. Det er Belfrage sine kommentarar som er satt i parentes (til nynorsk ved S. H.):

> *Eg har hatt eit syn. Ti år etter dette kjem ein stor krig mellom eit av Austens og eit av Vestens fremste statar. (Året 1904 vart det krig mellom Russland og Japan). Ti år deretter ser eg at det blir ein verdskrig. (År 1914 kom den). Sidan ser eg ein revolusjon i Russland. (Den kom 1917). Deretter ser eg ei vekking, som byrjar i dei vestre delane av Russland og går med hast over jorda. Og då bønneemna er frelst og alle som kan frelsast er kome over på Herrens side, kjem Jesus og hentar dei heim til seg.*

Her kan vi merke oss at han brukar ordet Russland, som var namnet på dette riket på den tida han fekk synet. Etter revolusjonen i 1917 gjekk ein bort frå bruken av ordet

Russland, og frå 1922 til 1991 vart landet kalla Sovjetunionen. Når han difor brukar ordet Russland om den tida vekkinga vil gå over verda, så kan det indikere ei tid etter 1991. Om vi ser andre verdskrig som ei forlenging av den første, og likeins den tredje verdskrig som ei forlenging av dei to andre, så er det først etter den tid vekkinga kjem. Det skal vi også sjå verta stadfesta av dei øvre syna.

## Staretzarens profetord

I H. K. Neerskovs hefte, «Oppbrudd i Øst», finner vi ein liknande profeti. I 1911 kom ein av den ortodokse kyrkjas staretzer, dvs. ein heilag mann (prest) med ein profeti. Ei ung russisk jente skreiv ned det som vart sagt. Ho tente seinare i Maria Magdalena klosteret i Jerusalem. Ho las ofte opp frå profetien, som ho hadde omsett frå russisk, og som sidan vart omsett til norsk. Her er eit utdrag (til nynorsk ved S. H.):

---

*Eit vonde vil snart gripe Russland, og over alt dette vonde bryt fram, vil det flyte strøymer av blod. Dette vonde vil gripe heile verda, og overalt kor det kjem fram, vil det igjen flyte strøymer av blod. Det er ikkje den russiske sjel, men noko som påtvingast den russiske sjel. Det er ikkje ein ideologi, heller ikkje ein filosofi, men ei ånd frå Helvete. I dei siste dagar vil Tyskland verte delt i to delar. Frankrike vil verta utan tyding. Italia vil verte ramma av naturkatastrofar. England vil miste sitt imperium og alle koloniar og vil kome til randen av total ruin, men vil verte redda av bedande kvinner. Amerika vil ernære verda, men det vil til sist bryte saman. Russland og Kina vil*

*øydelegge kvarandre. Til sist vil Russland verta fritt, og derifrå vil truande dra ut og vende mange frå nasjonane til Gud.*

I fylje Lance Lamberts bok, «Slaget om Israel», skal staretzeren ha sagt til den unge jenta: «Du vil leve og se Russland blive frit, men du vil ikke oppleve at se Antikrist». I fylje Ron Whites syner skal Russland og Kina gå til krig mot kvarandre mot slutten av tredje verdskrig. Også White plasserer vekkinga etter den krigen. Den unge jenta levde ikkje lenge nok til å oppleve tredje verdskrig, men lenge nok til å oppleve at Russland vart fritt i forhald til kommunismen. Sovjetunionen vart oppløyst på slutten av 80-talet og Russland vart igjen ein realitet. Det er riktig at kommunismen langt ifrå svara til den ideologien som var ei kjærkomen filosofisk retning i si samtid. For ideen og visdomen i kommunismen er vel grei nok, men ideologien vart berre brukt som eit skalkeskjul for nye maktmenneske som ville fjerna dei gamle herskarane, for sjølv å herske. Som staretzaren sa, det var ei ånd frå avgrunnen, ei opprørets og fiendskapens ånd. Dette er Satans ide og

gjerning. I dag har Russland fått nye herskarar som vert skulda for nærast å ha røva til seg makta.

## Victor Clemenko

Songaren Victor Clemenko fekk også nokre profetord som er i slekt med dei to ovanfornemnte profetiane. Desse fann eg på nettstaden bible-teaching.net (til nynorsk ved S. H.):

---

*Eg gjev ei kort vekkingstid til Russland og eg vil opne dørene til Russland når du er 45 år, men eg vil stenge dørene når du er ..... år. Det vert ei kort tid, der skal kome undergrunnsforsamlingar som vil bli vekkingskanalar. Det vil skje forferdelege ting i Skandinavia. Russland vil starte den 3. Verdskrig. Der kjem til å skje eit blodbad i Skandinavia. Russland vil ta Skandinavia med vald. Det militære maktapparat vil bli satt inn og overta Skandinavia på ei natt. Herren sa også at forsamlinga vil bli rykka bort veldig snart... Fast, gråt og bed om at tidene skal endrast, då skal du få dobbelt kraft.*

---

Clemenko kjent gjorde dette på Betesda Bibelcamping sommaren 1988, det året han fylte 45 år. På den tida byrja

Sovjetunionen å gå i oppløysing. Han har halde skjult det året som er nemnt i profetien. Vi kan merke oss at han fylte 75 år i 2018. Så dette året er svært nær oss. Likevel kan vi søke Gud om at «tidene skal endrast».

Ser vi desse orda i samanheng med dei andre syna, då trur eg vi må forstå det slik at det Clemenko fekk vite var at Russland først vil oppleve ei lang tid der landet skulle vere opent mot vestlege vekkingsrørsler. Sidan vil dette endre seg og til slutt vil Russland starte den tredje verdskrig. Det er kanskje meir vanskeleg å plassere vekkinga her. Enkelte vil nok tenke at dette skjer i dag, men slik eg forstår det så er det vekkingskanalane som vert til i dag. Når krigen har rasa frå seg vil vekkinga gå fram meir uhemma, om enn ho vert kort.

## Alois Irlmaiers profetiar

Den tyske fontenebyggaren Alois Irlmaier (1894-1959) kan vel kanskje samanliknast med "Snåsamannen" her i Norge, i det at mange kom til han for råd og visdom, aldri mot betaling, sjølv om han blant anna kom for retten då han ikkje kunne betale sine avdrag. Han vart også klaga inn for retten for bedrag, men vart frikjent då fleire vitnar kunne fortelje at synene og profetiane hans var sanne. I motsetning til sin norske motpart var han eine og aleine synsk.

**Synene**

Ifølge Alois Irlmaier vil det bli eit stort slag i framtida, ein stor krig. La oss kalle det den tredje verdskrig. Den vil starte i det augeblikk vi trur det er «fred» i Midtausten. Då vil det skje, ein ny krig i Midtausten flammer plutseleg opp, store marinestyrkar står ovanfor fiendskap i Middelhavet. Dette ser vi konturane av i dag. Kanskje har vi allereie sett denne freden i «Oslo-avtala», eller kanskje det er dei samtalar om fred i Midtausten som Israel hadde med ei rekkje land før Hamas gjekk inn i Israel i oktober 2023. Det viser seg at Israel ikkje

ønsker å inngå ei liknande avtale med Hamas, verken før eller no. Verdssamfunnet ser no klarare enn før at denne konflikten ikkje kan halde fram. Ein må ta tak i dette med fornya kraft. Eit amerikansk krigsskip kom Israel til hjelp, og USA tok ut militære mål i Syria som Iran står bak. Ekspertane talar om at Israel bør gå i krig med Iran, støtta av USA. Det vil i så fall tenne ein større krig, ja, kanskje endå til ein verdskrig. Ein vil nok heller strekke seg langt for å få til fredsforhandlingar. Her fyljer Irlmaiers profetiske syner omsett frå tysk til norsk:

---

*Sjølve eldgneisten er satt i brann på Balkan: Eg ser ein «stor ein» falle, en blodig dolk ligg ved sida av han - så er det anstøyt på anstøyt. To menn myrdar ein tredje høgt rangert. Dei vart betalt av andre menneske. Det tredje mordet skjedde. Så byrjar krigen. Ein av mordarane er ein liten svart mann, den andre litt høgare, med lyst hår.*

*Eg trur det vil være på Balkan, men kan ikkje seie det nøyaktig. Året før krigen*

*blir eit fruktbart år med mykje frukt og korn. Etter drapet på den tredje startar det over natta. Eg ser ganske klart tre tal, to åttarar og ein niar. Men eg kan ikkje seie kva det tyder og kan ikkje seie noko tidspunkt. Krigen byrjar ved soloppgang. Han kjem raskt. Bøndene sitter på puben og spelar kort når dei utanlandske soldatane ser gjennom vindauga og dørene.*

*Ein formeleg mørk(kledd) hær kjem frå aust, men alt skjer veldig raskt. Eg ser ein trear, men eg veit ikkje om det tyder tre dagar eller tre veker. Den kjem frå den gylne byen. [Praha, Tsjekkia]. Den første kravle ormen [divisjon av beltekøyretøy?] byrjar ved det blå vatnet i nordvest og går til dei sveitsiske grensene. Så langt som Regensburg eksisterer det ikkje fleire bruer som kryssar Donau, dei kjem ikkje sør for det blå vatnet [eigentleg den blå kjelda som har sitt utspring i den vesle landsbyen Blaubeuren i Baden-Württemberg, Sør Tyskland]. Så er det anstøyt på anstøyt. Infanteria kjem marsjerande frå aust til Beograd og bevega seg framover til Italia. Deretter går tre pansra kiler [enkel mekanisme som kan brukas til å tvinge to objekt eller*

*deler frå kvarandre, gjennom å bruke kraft og tvinge den spisse enden av kilen inn ved å slå på den butte enden] direkte og lynraskt videre mot nord for Donau over Tyskland mot Rhinen – utan foreløpig forvarsel.*

*Dette vil skje så uventa at befolkninga flyktar vestover i full panikk. Mange bilar vil tette vegane, berre dei ville ha blitt heime eller ikkje brukt hovudgatene. Alt, som vil være til hinder for dei raskt frammed rykkande tanksane på dei store motorvegane og små motorvegane, vil verta rulla over. Eg kan ikkje sjå nokon av Donau-bruene over Regensburg lenger. Knapt noko står att av storbyen Frankfurt. Rhindalen [på grensa mellom Tyskland og Frankrike] vil verta øydelagt, hovudsakeleg av fly.*

*Eg ser tre spydspissar kome: spydspissen nedanfor kjem over skogen, men trekker seg deretter nordvest over ved sidan av Donau. Linja er for eksempel Praha, den Bayerske skog og nordvest. Det blå vatnet [det blå klare kjeldevatnet] er den*

*sørlege grensa. Den andre spydspissen går frå aust til vest over Sachsen, den tredje frå nordaust til sørvest. Nå ser eg jorda som ein ball framfor meg, kor flylinjene går ut, som nå flyg opp som svermar av kvite duer frå sanda.*

*Russaren stopper ikkje nokon stad, mens han spring i sine tre kiler. Dag og natt spring dei for å nå Ruhr distriktet, kor dei mange omnane og brannstadane er. Det andre spydet kjem vestover over Sachsen mot Ruhr distriktet, akkurat som det tredje, som går frå nordaust vestover over Berlin. Dag og natt spring russarane, Ruhr distriktet er ubønhøyrleg deira mål. Hemna kjem direkte frå det store vatnet [USA].*

*Men den gule draken [Kina] invaderer i Alaska og Canada samtidig. Men han kjem ikkje langt. Eg ser jorda som ein ball framfor meg, som dei kvite duene no flyg nær, eit veldig stort tal som kjem opp frå sanden. Og så regnar det eit gult støv i ei linje. Når den gylne byen [Praha] blir*

*øydelagt, byrjar det. Som ei gul linje går den opp til byen i bukta. Det blir ei klar natt, når dei byrjar å kaste det. Tanksane køyrer framleis, men dei som sit i desse tanksane vart formeleg svarte. Der det fell ned, vil alt vere døydt, ikkje noko tre, inga busk, ingen storfe, ikkje noko gras, dette vert visna og svart. Husa eksisterer framleis. Eg veit ikkje kva det er, så eg kan ikkje fortelje meir om det. Det er ei lang linje. Dei som går over denne linja, døyr. Dei som er på den eine sida, kan ikkje gå over til den andre.*

*Så bryt alt på spydspissane saman. Alle må dra nordover. Det dei har med seg, kaster dei. Ingen kjem tilbake lenger. Flya slepp eit gult pulver mellom Svartehavet og Nordsjøen. Dermed opprettast ei dødsstripe, rett frå Svartehavet til Nordsjøen, så breidde som halve Bayern. I denne sona kan ikkje gras vekse meir, endå mindre kan menneska leve der. Den russiske forsyninga vert broten av. Svermar av duer stig opp frå sanda. To flokkar får kampområdet frå vest til sørvest. Skvadronane svingar mot nord og stengjer for kursen til den tredje hæren. Frå aust er det mange store gule*

*køyretøy [Caterpillar?]. Men i dei store gule køyretøya er alle allereie døde, sjølv om køyretøya fortsett å rulle, før dei gradvis og automatisk stoppar.*

*Her kastar pilotane også av seg dei små svarte boksane sine. Dei eksploderer før dei rører jorda, og spreiar ein gul eller grøn røyk eller støv. Det som kjem i kontakt med dette døyr, enten det er eit menneske, eit dyr eller ei plante. I eit år har ingen organisme lov til å kome inn i dette området, elles vil det utsette seg for den største dødsfare. Ved Rhinen blir angrepet endeleg drevet tilbake. Frå dei tre spydspissane vil ingen soldat kome heim lenger.*

*Desse boksane er sataniske. Når dei eksploderer, oppstår eit gult og grønt støv eller røyk, alt som kjem i kontakt med det, er dødt, enten det er eit menneske, eit dyr eller ei plante. Menneska vert ganske svarte og kjøtet fell av beina deira, så skarp er gifta. Ved ei naturkatastrofe eller noko liknande unndreg russarane seg plutseleg nordover. Rundt Köln har det siste*

*slaget starta. Ved Rhinen ser eg ein halv-måne [muslimske allierte? Symbolet stammer frå Konstantinopel og dei osmanske tyrkarane tok over symbolet då dei erobra riket og sidan har det spreidd seg til andre muslimske land], som vil fortære alt. Horna til sigdane vil lukke seg.*

*Kva dette tyder, veit eg ikkje. Så flyg dei nordover. I midten er det eit merke, der lever ingenting lenger, ikkje noko menneske, ikkje noko dyr, ikkje noko gras. Dei flyg til nord, kor den tredje spydspissen hadde kome inn, og som stenger alt av. Så dei vil alle verta myrda, ingen frå desse tre hærane vil kome heim lenger. Men så ser eg nokon som flyg, dei kjem frå aust, og slepp noko ned i det store vatnet [havområda mellom Europa og USA], slik at noko rart vil skje.*

*Vatnet lyfter seg så høgt som eit tårn og fell ned, så fløymer alt over. Det er eit jordskjelv og halvparten av den store øya [Storbritannia?] vil søkke. Heile handlinga vil ikkje vare lenge, eg ser tre linjer -*

*tre dagar, tre veker, tre månader, eg veit ikkje nøyaktig, men det vil ikkje vare lenge! Eit enkelt fly som kjem frå aust, kastar noko i det store vatnet. Deretter lyfter vatnet seg så høgt som eit tårn og fell ned. Alt er fløymt over.*

*Det vert eit jordskjelv. Den sørlege delen av England glir i vatnet. Tre store byar vil verta øydelagt: ein vil verta øydelagt av vatnet, den andre ligg så høgt i havet at du berre kan sjå kyrkjetårnet og den tredje fell i [vatnet]. Ein del av England forsvinn, når tingen fell i sjøen, som piloten slepp. Deretter løfter vatnet seg så høgt som eit tårn og fell ned. Kva denne tingen er, veit eg ikkje. Landa på sjøen er hardt truga av vatnet, havet er veldig uroleg, bølgjene går høgt som eit hus; det skummar, som om det koker i undergrunnen. Øyane forsvinner, og klimaet endrar seg. Ein del av den stolte øya søkk, dersom tingen fell i sjøen, som piloten slepp. Deretter lyfter vatnet seg så høgt som eit tårn og fell ned. Kva denne tingen er, veit eg ikkje. Når det kjem, veit eg ikkje.*

***Det store mørket***

*Januar vil vere så varm på eit tidspunkt at myggane vil danse. Det kan vere at vi allereie kjem inn i ei tid når det ikkje vert ein normal vinter i det hele tatt, slik som vi kjenner den no. Under krigen kjem det store mørket, som varer i 72 timer. På ein dag vil det bli mørkt under krigen. Så bryt eit haglnedslag ut, laga av lyn og tore, og eit jordskjelv vibrerer jorda. Venlegast ikkje gå ut av huset på den tida. Lysa brenn ikkje, bortsett frå stearinlys, straumen stoppar. Den som inhalerer støvet, får krampe og døyr. Ikkje opne vindauga, dekk det heilt med svart papir. Alt opent vatn vert giftig og også all open mat, som ikkje er i låste porsjoner. Heller ingen måltid i glas, fordi dei ikkje vil dekke det heilt. Utanfor går støvdøden rundt, mange menneske døyr. Etter 72 timer er alt over. Men igjen: Ikkje gå ut av huset, ikkje sjå ut av vindauga, og hald stearinlyset brennande. Og be.*

*Over natta vil det døy fleire menneske enn i de to føregåande verdskrigane. Ikkje opne eit vindauge i løpet av dei 72*

*timane. Elvane vil ha så lite vatn at du enkelt kan passere dei. Storfeet fell, graset blir gult og tørt, dei døde menneska blir ganske gule og svarte. Vinden driv dødens skyer mot aust. Byen med jerntårnet [Paris?] blir offer for sitt eige folk. Dei tenner på alt. Det er revolusjon og alt går vilt for seg. Øyane framfor kysten søkk, fordi vatnet er ganske vilt. Eg ser store hol i havet, som vil bli fylt, når dei enorme bylgjene kjem tilbake. Den vakre byen [Venezia?] ved det blå havet [Adriaterhavet?] søkk nesten heilt i havet og i smuss og sand, som havet kaster ut. Eg ser tre byer søkk i sør, i nordvest og i vest. Den store byen med det høye jerntårnet brenner. Men dette har blitt gjort av deira eige folk, ikkje av dei som kom frå aust. Og eg kan sjå at byen er lagt i grus. Også i Italia går det vilt for seg. Dei myrdar mange menneske der og paven flyktar. Mange prester vil bli myrda, mange kyrker kollapsar.*

*I Russland bryt det ut ein revolusjon og ein borgarkrig. Lika er så mange at du ikkje kan fjerne dei frå vegane lenger. Krossen kjem til ære på nytt. Det russiske folk trur på Gud på nytt. Dei store blant*

*partileiarane tek sjølvmord, og i blodet vaskast den store skylda av. Eg ser ein raud flokk, blanda med gule andlet, det er eit generelt opprør og forferdelege drap.*

*Så syng dei påskesongen og brenn stearinlys framfor sakrale bilete. Ved kristendommens bøn dør helvetesmonsteret. Også dei unge trur på nytt på forbønna til Guds mor. Etter sigeren blir ein keisar krona av den flyktande paven.*

*Kor lenge alt dette varer, veit eg ikkje. Eg ser tre niarar. Den tredje niaren bringer freden. Om alt er over, har ein del av innbyggarane døydd, og folket frykter Gud på nytt. Lovane, som bringer døden til barna, blir ugyldige etter lysninga [abortlova, no trengs alle born, ingen kan unnverast]. Då vert det fred. Ei god tid. Eg ser tre kroner blinke, og ein gamal mann vil være vår konge [Tyskland?]. Også den svært gamle krona i sør kjem til ære igjen [i Roma?]. Paven, som ikkje måtte flykte over vatnet i noko lang tid, vender tilbake. Når blomstrane blomstrar på engene, vil han*

*komme tilbake og sørge over sine myrda brør. Etter desse hendingane kjem ei lang, heldig tid. Dei som vil oppleve det, vil være veldig glade og kan prise seg heldige. Men folket må byrja der, kor bestefedrane deira byrja.*

---

So langt Irlmaier. Kort sagt såg han det vi no ser konturane av. Polariseringa i verda er ein pågåande prosess. Dei store leiarane i verda tek side og allierer seg. I aust reiser det seg ein motstandar som vil kjempe mot USA og NATO. Det vert aust mot vest. Begge har lagt store planar, eit stort spel. Dei har kalkulert med store tap av menneskeliv, både dei som går til angrep og dei som skal forsvare seg. Det vil verte eit slag utan ein endeleg sigerherre. Heile verda ligg i ruinar og liksom maurar går folket i gong med å bygge opp att verda si.

Maja Anstensen

I eit hefte utgitt på Esca Forlag: «Endetidssyner - Angrep mot Sverige og Norge - Tredje Verdenskrig», finner vi Anstenses syn og profetord. Den 4. desember 1952 hadde ho eit syn mens ho var i Porjus, i Norrbotten i Sverige. Ho såg at det kom fly i frå ei uventa retning, frå vest (samanlikn med Ron Whites syn om Irland som skal verta russisk kontrollert/alliert). Flya slapp bomber over store deler av Nord Norge. Eit dobbelt minefelt vart strakt ut over Ofotfjorden. Ho undra seg over dette, ettersom Norge var med i A-pakta, altså FN-pakta. Ho skreiv ned desse profetorda:

---

*Ta pennen og skriv ned det budskapet du skal bære fram for ditt lands myndigheter og folk! Og det skal du gjøre på tross av at du selv tviler eller om du blir mødt med hån, vantro og latter.*

*Skriv at en «konge», sett ordet i gåseøyne, er på marsj mot Nordens land, en som ikke kjenner skånsel, men forakter barmhjertighet.*

*Skriv at hans erobringsplan er vel forberedt og kommer som en flom over fredelige og lite forberedte regjeringer.*

*Skriv at «kongen» har et hemmelig våpen, som verden ennå ikke har kunnskap om, og som er forferdelig i sin virkning.*

*Skriv at det virker med radioaktive stråler som ennå ikke er kjent, og et annet hvis kjemiske formel er O.O.+C-1.**

*Skriv at dens virkning og kraft utløses av luftens surstoff og næres og forsterkes gjennom dette. Det bringer planter og animalske stoffer i forråtnelse, ja, trær angripes og smulder bort. Jern og harde legeringer tæres som av forvitring. Vann og sjøer blir slimete og illeluktende. Selv elver og bekker blir fordervet og fiskene dør.*

*Skriv at de av Herren begunstigede land har fylt målet for sin ugudelighet.*

*Skriv at Norge, om det enn ble hardt tuktet gjennom okkupasjonsår, dog skal bli straffet, fordi de ikke som land og nasjon, tok imot tukten, da Herren tuktet.*

*Men skriv at Herrens øyne hviler på den lille, trofaste skare som tilbeder ham i ånd og sannhet. Skriv at himmelens skarer av budbærere gjør seg møye for deres skyld.*

*Men skriv til den samlede kristenhet i de nordiske land at den innen sine rekker har herskelystne, ærgjerrige ledere, som enten tenker på sin egen karriere eller sitt samfunns anseelse og ry i verden og forsømmer å trygge og befeste sitt eget og sin hjords høye kall fra Herren.*

*Si at Herren kommer over disse og stiller dem fram som det de i virkeligheten er - skampletter på Herrens hellige navn!*

*Skriv til alle som figurerer som medlemmer i troende samfunn at han, Herren, skal åpenbare all ynkelighet og falskhet. Si at de alt i lang tid har virket som «lik i lasten» og sette Herrens tålmodighet på prøve.*

*Skriv at kasteskovlen er i Herrens hånd. Siktingen og rensingen av laden er i full gang. Agnene skal for alltid skilles fra hveten.*

*Skriv at evangeliets not skal dras inn over hele den såkalte kristne verden og alle råtne fisker kastes vekk som ubrukelige.*

*Si til alle at Herren ikke har forandret seg.*

---

* Det er ikkje noko eg har særleg mykje kunnskap om, så dette er basert på egne tolkingar. O.O.+C-1. O kan sikte til det kjemiske symbolet for Oksygen, av greske *oxys*, syre, surstoff, bokstavelig skarp. Kjent som O2. C kan sikte til det kjemiske symbolet for karbon, av lat. *Carbonum*, kull, kolstoff. -1 kan sikte til oksidasjonstalet -I (romartal).

Mot slutten av profetien blir det referert til Matt. 3:1-12, og særleg v. 6-12 om døyparen Johannes' tale til leiarane i Israel og til folket (NB 88):

*Men då han fekk sjå mange av farisearane og saddukearane koma til dåpen hans, sa han til dei: Ormeyngel! Kven lærde dykk å røma frå vreiden som skal koma? Så ber då frukt som sømer seg for omvendinga. Og tru ikkje at de kan tenkja slik: Vi har Abraham til far. For eg seier dykk: Gud kan vekkja opp born åt Abraham av desse steinane. Øksa ligg alt innmed rota av trea. Kvart tre som ikkje ber god frukt, vert hogge nede og kasta på elden. Eg døypar dykk med vatn til omvending. Men han som kjem etter meg, er sterkare enn eg - eg er ikkje eingong verdig til å bera skorne hans! Han skal døypa dykk med Den Heilage Ande og eld. Han har kasteskovla si i handa og skal reinsa treskjestaden sin. Kveiten skal han samla i løa, men agnene skal han brenna opp med eld som ikkje kan sløkkjast.*

Dette tala Jesus også om i Matt. 24-25. I særleg grad kap. 25. Vi kan merke oss at den såkalla åndsdåpen siktar til at vi er døypt i ein Ande som ikkje er av denne verda. Ingen kan rose seg av å ha Den Heilage Ande, for det er ikkje vår ånd, men Guds Ande. Gud arbeider i oss, ved sin Ande, men berre

ved nåde. Vi kan difor ikkje rose oss av å vere meir annleis enn dei andre i verda, men berre av at Guds Ande er annleis. Dei som har teke imot Guds ord frå tidenes byrjing og til dagen for oppstoda, har Døden satt på eine sida av svelget. Dei som har forkasta Ordet er på den andre sida. Dei vert likna med det bonden vil behalde etter kornhausten, medan det som ikkje har verdi for han vert kasta i elden. For Gud er dei som ugras som Han ikkje har sådd. Men dei som er audmjuke og tru-faste, dei som hatar seg sjølv nettopp fordi dei er vonde og som ikkje setter sin lit til det som no er, men til Gud og dei kommande ting, dei kan med glede sjå fram imot den dagen dei skal verta fødde på ny, i likskap med det til no einaste nye menneske, Jesus Kristus.

## Birger Claesson

I Birger Claessons bok «Dom över Sverige» skreiv han ned eit profetord han fekk i 1935:

> *Det skal komme en verdenskrig over hele verden, og det skal bli den frykteligste som noen generasjon har sett. Men over dette land vil jeg holde min beskyttende hånd, for det skal bli et tilfluktsted for mange folk.*

I 1939 kom andre verdskrig. Ein frykteleg krig. For dei gjerningane som vart gjort var verkeleg vonde. Vi veit at det blant alle folkeslag er menneske som er fylt med vondskap. Måtte dei ikkje kome til makta! Men dei er det. Sverige fekk stort sett vere i fred for tyskarane og russarane, og mange motstandsmenn og jødar fekk nytte landet som ein rømmingsveg. Dei orda han fekk viste seg slik å vere sanne profetord.

I 1950 fekk Claesson eit nytt syn. Han fekk sjå framande hærar som gjekk til åtak på byen Umeå og at den vart jamna med jorda. Likeins med Østersund, og ei rekkje andre byar og bygder i Sverige. Det vart harde kampar, svenskane står imot, men gir opp til slutt. Hadde dei berre halde ut litt lenger hadde resultatet vore eit heilt anna. Synet er også her detaljert. Til slutt vart det mørkt over heile landet, og han høyrte ei røyst som ropa: «Mørkret faller over heile verda». Deretter såg han eit lys i mørket, og ein stor skare kvitkledde skapningar vart rykka opp mot lyset. Røysta sa også: «Tusenårsriket tilkommer det deg ikkje å skue inn i».

Vi kan merke oss at dei fleste av syna og profetiane vi tek føre oss, skildrar dei siste hendingane i vår tidsalder og peikar fram imot dei store profetiske hendingane som er varsla i Bibelen. Mørket som faller over jorda peikar difor mot ei tid som skal verta særleg vanskeleg, ei trengsle tid utan sidestykke. Mørkets fyrste skal regjere, men ut av mørket skal Herren henta dei som har vore og som er audmjuke og trufaste mot Gud. Som det står i Matt. 24:13 (NB88): «Men den som held ut til enden, han skal verta frelst!».

## Adullam-borna

I Kina misjonæren H. A. Bakers bok, «Syner bak forhenget», har han dokumentert noko av det som hendte under ei vekking på ein barneheim i Kina. Baker var i Kina frå 1919-1950. Kina misjonærane vart kasta ut av landet på 50 talet, på same tid som boka kom ut. Syna er ofte knytt saman til Bibelens profetord om endetida. Baker skriv (til nynorsk av S. H.):

---

*Gong på gong tala dei i profeti, i det dei sa at det vil kome ei tid med hungersnaud, pest, krig og øydelegging.*

*I eit syn vart ein av våre gutar som var uvitande og uopplyst, ført til dei siviliserte land, der han såg menneske som førebudde seg på krig, for dei laga bomber, kanoner og andre øydeleggingsreiskap.*

*Barna såg krigsskip bli øydelagt av bomber som vart slept ned frå fly, og dei såg skipet med alle om bord sakk i den våte grav for ikkje meir å kome til syne. Dei såg militæravdelingar som samla seg frå alle jordas ender til det siste store slaget.*

*Giftgass og dødelege krigs instrumenter drap deira fiendar i stort tal.*

*Ein av gutane som på ein særleg måte var lydhøyr for evangeliet profeterte og sa:*

*Fordi menneska ikkje vil tru på meg, må eg øydeleggje denne vonde jord. Eg hadde planlagt å heimsøkje den med tre vonde trengsler, men den er så vond at eg har lagt til ei fjerde.*

*Sei til andre forsamlingar at dei også skal søke Den Heilage Ande. Alle forsamlingar skal gå fram. Djevelen vil kome til jorda nokre få år, og det vil bli stor trengsle. Ver ikkje redd. Eg bærer omsorg for dykk og vil bevare dykk.*

*Folkeslaga vil samla seg frå alle stadar og føre krig på ein stad, og deretter vil eg kome og straffe jorda. Du skal ikkje vere redd, for dei som trur på meg skal lyftast opp til meg for å blåse på basunar og spele på harper.*

---

Dei såg også Antikrist som skulle stå fram på den tida. Han ville kome til makta for å ordne opp i kaoset. Han var «ein gåvmild, kraftig mann med ungdomleg styrke og venleik». Nok eingong mønstrar verda sine hærar til krig, men Antikrist vil altså ikkje kome før etter den tredje verdskrig.

## Ron White

Takka vere ein av lesarane er Ron White identifisert. Han er i dag pastor i ei pinseforsamling under namnet Victory Gospel Church i Southampton, England. Det var han og hans kone Margaret som starta opp dette arbeidet i 1980. White fekk dette synet den 15 juni 1976, eit syn som er gjengjeve i fleire bøker. Lesaren kan fortelje «Den datoen tror jeg er da han første gang (og muligens eneste gang) har snakket om den visjonen han fikk. Det skjedde på et sommerstevne i Danmark – mest for ungdommer. Talen ble tatt opp på lydbånd av et kristent ektepar fra Tønsberg – som også skrev talen ned og begynte å gi den ut i skriftlig hefte-form. Det er slik jeg fikk lest om den». «Jeg fikk en sjanse til å møte ham i Sandvika utenfor Oslo en gang rundt midten av 80-tallet – og fikk en liten prat med ham etter et helbredelses-møte han holdt der. Han fortalte at han er en Engelskmann – som til å begynne med var en soldat i 'The Salvation Army' - altså 'Frelsesarmeen' – men at han ble kastet ut etter at han ble åndsdøpt og begynte å be for syke. Han fortalte at hans oppgave var å helbrede syke. Han hadde i alle fall på den tiden han fikk dette synet, god kontakt med – og samarbeidet med en åndsfylt Dansk frimenighet av noe slag. Jeg vet ikke akkurat hva slags trosretning

det var – men de hadde også forgreninger hit til Norge.  Det var en typisk evangelisk åndsfylt menighet. Jeg fikk helt tilfeldigvis vite om at han skulle ha dette møtet i Sandvika – og trodde at han var kommet hit til Norge for å snakke om dette synet – så jeg tok fotokopier av det jeg hadde av andre profetier om framtidige kriger i Norge og Europa for å vise ham – fordi jeg trodde at det ville interessere ham. Jeg ble faktisk litt skuffet da det viste seg at han 'bare' snakket om helbredelse. Det var stort sett bare eldre mennesker med forskjellige plager som han ba for. Stive armer og skuldre og nakker som han ba for – og som ble momentant helbredet. Etter møter fikk jeg 'elget' meg innpå ham med det som jeg hadde på hjertet. Han virket veldig interessert i å høre om disse andre profetiene som lignet på dem han selv hadde hatt. Jeg spurte ham rett ut om han tidligere hadde hørt om andre slike syner og profetier. Til det svarte han at det hadde han ikke – men at han hadde Danske venner som kunne oversette mine papirer som var skrevet på norsk – til engelsk for ham. Da jeg sa at jeg trodde han ville snakke om det synet han fikk, her i Norge – så svarte han at han mente at det ikke var hans oppgave. Han hadde tiltro til at Den Hellige Ånd ville bringe det spesielle budskapet videre uten hans hjelp. Og etter hva jeg forsto så hadde han

kanskje ikke talt over dette synet mer enn den ene gangen i Danmark på dette ungdomsstevnet. Han virket som en veldig solid og stødig og seriøs type – som ga et godt inntrykk.»

Legg merke til at White brukte uttrykket kommunistar. Han fekk også sine syner mens kommunistane hadde makta. Her fylgjer nokre utdrag frå ei tale gjengjeve i «Den Profetiske Røst» (til nynorsk ved S. H.):

---

*Synet byrja med eit land kart. Eg såg eit kart over heile Europa – frå Skandinavia tvers over til Russland, og frå Noreg ned til Midtausten. Ei stund studerte eg kartet, og medan eg såg på den nordlege delen av Noreg, byrja kartet å skifte farge. Det begynte å verta raudt, og det raudlege gjekk frå den nordlege del og halvvegs ned i Noreg.*

---

White fekk sjå nærare på kartet då han ikkje forstod det:

*Og eg såg i dette området tusenvis av kommunistiske troppar. Det var den russiske hær.*

White fekk også sjå muren i Berlin, som før delte den store byen i to delar, liksom heile landet var delt:

*Så vart synet forandra. Eg vart ved Anden ført midt inne i Europa, og eg vart ståande framfor ein mektig mur. Mens eg sto og såg på denne muren, følte eg at den byrja å ryste. Deretter byrja den å smuldre, så byrja den å falle, og eg trudde at den ville falle på meg, men eg vart ført bakover i Anden….. Eg såg denne muren falle saman, og hundretusenvis av soldatar sprang gjennom muren, med våpen i hand, med tanks og anna armert maskineri…. Eg høyrte geværskot og rakettavfyringar, og noko av dei tinga eg såg og høyrte var fryktelege.*

*Eg såg at det kom ein kommunistisk infiltrasjon i dei andre landa, og at det kom ei forfylging av Guds folk. Ikkje berre fysisk, men også på fjernsynet. Guds menn skal verte latterleggjort, det vart fortalt lygn om Guds tenarar, og på dette tidspunktet vil det bryte ut krig i Europa. Herren viste meg også i dette synet, at det vil kome ein matvaremangel i Europa, og ein mangel på vatn. …. Herren viste meg også, at når denne krigen bryter ut i Europa, vil det verta kunngjort i Brussel, at EU ikkje lenger kan fungere, og det vil verta oppløyst. Eg såg også britiske troppar, som no er i Irland, verta trekt ut av Irland og sendt til Europa. Og Herren tala til meg og sa at Irland ville verta kommunistisk dominert. På same tida såg eg at Skottland reiv seg laus frå England og vart uavhengig. Krigen som vil bli i Europa, vil ikkje verta ein lang krig, men alle landa vert involvert. Både Tyskland og Nord Noreg vil verta okkupert. Denne krigen i Europa vil ikkje verta ein lang krig. For eg såg noko anna som byrja å skje i synet. Eg såg ein annan hær kome ut av Russland og gå sørover. Det var ein mektig hær, og mange soldatar satt på hestar. Det var også tanks og andre armerte køyretøy. Og eg såg at denne hæren*

*flytta seg nedover til Israels fjell.... Så, såg det ut som om denne hæren ville invadere Israel, men eg såg ei veldig hand kome ned frå himmelen, og falle på denne mektige hæren, og med eit mektig slag øydela Guds hand denne hæren.....*

*Då dette skjedde, såg eg dei store russiske troppane som var i Europa, raskt verte trekt tilbake frå Europa, og eg sa: «Herre, kvifor skjer dette?» Og Herren opna auga mine, så eg kunne sjå ein anna del av synet. Og eg såg den kinesiske hær bryte gjennom Russlands grenser og gå langt inn i Russland, og plyndre, drepe og øydelegge. Og den russiske hær, som var i Europa vart trekt tilbake for å kjempe mot kinesarane. Og så byrja det å skje noko i Europa.*

*Matmangelen vart verre, og behovet for vatn vart meir intenst. Store problem kom til heile det indre Europa. Og eg bad i mi ånd: «Herre, kvifor tillèt du dette å skje?» Og Gud sa til meg: «Dette er mi hand til dom, eg kjem til å bruke desse*

*tinga for å bringe folka tilbake til meg, bringe nasjonane tilbake på sine kne igjen.» Disse ting vil verta gjort av den allmektige Gud. Eg såg menn og kvinner falle på sine kne, på gatene, i heimane, overalt ropa menneske til Gud om hjelp, ropa til Gud om miskunn. Gud kjem til å gjere dette. Gud vil bringe våre nasjonar tilbake på sine kne. Og då folka byrja å rope til Herren, såg eg at Gud byrja å svare på dette ropet….. (deretter profeterer White:) «Det kjem til å verta ei vekking i Europas nasjonar, som du ikkje kan førestille deg. Men det vil ikkje verta ved menneskeleg kraft, det vil vere Den Heilage Andes mektige verk»….. Men Herren viste meg noko som sjokkerte meg… Han viste meg at det ville bli eit svært hastig verk. Det ville ikkje fortsette i årevis. Vekkinga ville vare under eit år. Gud vil gjere eit raskt verk. Då denne vekkinga nådde toppen av velsigning, såg eg noko anna. Mine auge vart lyfta opp mot himmelen. Og eg såg himmelen opne seg, og Herren Jesus stige ned frå himmelen, og folket vart lyfta opp for å møte Herren…. Det var mange som vart latt tilbake, men Gud viste meg dette, at i den vekkinga som kjem, kjem Gud til å rette opp att mange fråfalne. Gud viste meg også, at i mange kyrkjer som no er døde og kalde, vil folk byrja å søke Gud, og Gud vil vekkje*

*si forsamling. Etter forsamlingas bortrykking, då – og berre då – vil EU kome til å fungere. Det vil verta fornya, og Gud viste meg noko som var svært merkeleg for meg å sjå. Eg kunne aldri ha førestilt meg det, at Israel kjem til å verta ein svært spesiell venn av fellesmarknaden, og ut av denne sameininga vil Antikrist oppstå, som vil regjere med jernhand på jorda.*

---

Det er klart at ein blir skeptisk når White her nærast skriv at Jesus kjem ned frå himmelen for å henta dei kristne før Antikrist kjem. For det er nettopp det vi vert åtvara om i 2. Tess. 2:1-12. Det står nemleg at fråfallet (det politiske) først må kome og den lovlause (Antikrist) må stå fram. Deretter kjem Jesus att og hentar sine. Det er dette som «held att». Det må skje først. Her har altså White blanda inn ei lære som er vanleg i visse pentakostale miljø. Men så er det også i ettertid vanskeleg å skilje mellom det ein såg og høyrte i synet, og det ein er overtydd om sjølv. Det er uansett interessant at han sett bortrykkinga i samanheng med Antikrist, då dei høyrer saman. Det er difor viktig at vi prøver profetiane.

Elles er det i dag kjent for alle at Russland og USA, saman med Europa, var nær ved å hamne i krig like før murens fall. I lange tider har grensene vore opne, og russarane kunne lett vinne seg tilhengarar i kva land som helst og likeins den andre vegen. Elles kan vi merke oss at White såg noko av det same som Maja Anstensen. Han såg at Irland ville bli dominert av russarane og at dei truleg vil sende bombefly mot Norge frå den kanten. Han såg også at med invasjonen fylgde ein raud farge. Sjå Staretzarens og Clemenkos profetord, det er truleg blod, ikkje kommunisme.

### Emmanuel Minos

Emmanuel Minos hadde også eit liknande syn som er gjengjeve i same nummer av «Den Profetiske Røst». Minos var då på pinsevennanes sommarstemne på Hamar. Bjørn Arne Rosland siterer Minos (til nynorsk ved S. H.):

---

> *Eg såg at det var eit område med furuskogar, og eg såg ein veg bylgje seg i ulike formasjonar, og eg fekk med det same sjå at vegen gjekk til ei grense mot eit framandt land. Og eg såg bil etter bil køyre på denne vegen og bilane var på veg til ein krigsfront….. Og eg såg korleis bilane køyrte ut og blant dei også Røde Kors bilar, og at dei til slutt kom til eit stort område kor det gjekk ei grense (Minos ville ikkje røpe kva grense det var tale om)…. Mens eg låg der såg eg denne slagmarka. Noko av skogen var brent ned. Det såg ut til å vere ei pause i krigshandlingane. Då eg såg dette på Hamar for fleire år sidan, la eg merke til både på vår side og på fiendens side ukjente våpenartar…. Eg såg eit underleg monster som sto på bakken. Og eg såg, då slaget kom i gang at det ut frå monstera gjekk merkelege piler opp i lufta*

*og forsvann (dette gjenkjente han seinare som rakettar)…. Eg fekk også sjå andre våpen som eg ennå ikkje har fått noko forklaring på, men som eg såg låg spreidd omkring…. Mens eg ser på dette forsvinner heile scena bort, og eg får sjå eit nytt bilete. Denne gongen var det eit kart som vart rulla ut for meg horisontalt. Det var som ein bokrull som vart rulla ut rett fram for auga mine. Eg strakte meg for å sjå nøyare på kva slags kart det var, og eg fekk sjå at det var Noreg. Og mens eg såg kartet verta rulla ut, slik at eg kunne sjå heile Noreg frå Kirkenes til Lindesnes, fekk eg sjå ein revolver verta senka ned frå himmelen – rett over midten av kartet, og der på midten lyste det opp eit namn, og eg leste: MO I RANA, der revolveren vart lagt. Seinare fekk eg sjå fleire namn som eg ikkje skal nemne no. Det var namn i Finnmark, Troms og Nordland. Også i ein del andre fylker fekk eg sjå namn. Eg forstod med det same at det første syn hadde forbinding med det andre, at det kanskje var noko som skulle kome over vårt land.*

---

Minos nemnte aldri kva grense eller kva nasjon han hadde sett skulle angripe. I Viktor Clemenkos biografi fortel

han at son hans såg Finnland utføre krigshandlingar mot Norge i allianse med Russland i ein draum om natta. Igjen ser vi også at nye og skremmande våpen vert tatt i bruk i krigen. Sjå Lebesbymannen og Anstensens syner og profetord. Minos skriv også om dette i si eiga bok: «Grepet av Gud - En bok om vekkelse»:

